

## *Årsmelding for 2013*

### **Selskapet si verksemd**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i dei 10 deltakarkommunane: Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Kommunane har samla 115.104 innbyggjarar pr. 01.01.13. Hovudkontoret ligg i Aksdal, Tysvær rådhus, men deler av verksemda, slik som møta i kontrollutvala, blir gjennomført ute i kommunane.

Selskapet har i 2013 utført sekretariatstenester som omfattar saksutgreiing, protokollføring og iverksetjing av vedtak i kontrollutvala. Sekretariatet har gjennomført totalt 51 (52) kontrollutvalsmøte og saksførebudd 268 (307) saker. Av desse har 64 (63) saker gått vidare til kommunestyra.

I selskapet er det halde fire styremøte og eit representantskapsmøte. På personellsida har det, for fyrste gong på mange år, vore inga endring. Sekretariatet har i 2013 fått på plass nye nettsider.

### **Framhald av drift**

Verksemda er basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutvala. Frå 2005 blei det inngått avtalar med deltakarkommunane, og det er ingen indikasjonar på lovendingar som skulle seie at grunnlaget for selskapet skal falle bort. Med dette som utgangspunkt meiner derfor styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.

### **Resultat og utvikling**

Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapan for 2013 viser ein omsetnad på kr 1.655.000. I 2013 har drifta resultert i eit driftoverskot på kr 882 og eit positivt årsresultat på kr 7.093. Lønnskostnadene blei noko meir enn vedteken i budsjett, medan driftskostnadene blei noko lågare. Dagleg leiar utførar rekneskapsføring og lønnskjøring sjølv.

Styret gjer framlegg at overskotet vert ført som fond i eigenkapital. IKSet er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår, arbeidsstokk og det er såleis viktig å kunne ha nokre reserver tilgjengeleg. Ved å kunne setje av midlar til fond vil selskapet bli meir robust i sin daglege drift, samtidig som selskapet blir meir likvid.

Selskapet har i 2013 ikkje delteke i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

### **Arbeidsmiljø**

Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Det har nesten ikkje vore sjukefråver i 2013 (0,9 %). Selskapet har drøfta forhold knytte til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

Styret har ein positiv haldning til kompetanseoppbygging i selskapet. Dette er viktig for å halde på dyktige medarbeidarar og har samtidig positive verknader for arbeidsmiljøet. Sekretariatet har i 2013 delteke på konferansane i regi av NKRF og Forum for kontroll og tilsyn, samling for sekretariata på Vestlandet og i Trøndelag og nettverksmøter med Rogaland- og Agdersekretariatet.

### **Likestilling**

Selskapet har to tilsette, ei kvinne og ein mann. Styret i selskapet er samansett av to menn og ei kvinne. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

### **Ytre miljø**

Selskapet driv ikkje verksemd som påverkar det ytre miljø nemneverdig utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune som geografisk ligg omlag midt i selskapet sitt virkeområde.

Aksdal, 11.02.14



Arne Gjerde  
Styreleiar



Torleif Lothe  
nestleiar



Norunn Byrknes  
styremedlem



Toril Hallsjø  
dagleg leiar